

SISTE INDRE



Vi er gode nyheter



Jesus møter den enkelte

Det nærmer seg årsmøte, og i den forbindelse ønsker jeg å uttrykke en stor takknemlighet til deg som er med og driver det viktige misjonsarbeidet. Takk for den tryggheten du er gjennom ord og handling i møte med barn, ungdom og voksne. Det varmer å møte de samme frivillige som har stått på i år etter år — som brenner for at andre skal få høre om Jesus.

Jeg har vært så heldig som har fått reise rundt på litt lagsbesøk og vært med på leir, og nylig fikk jeg fortelle om Sakkeus, tolleren som var rik på andres bekostning. Han som ikke var særlig godt likt eller populær, men var villig til å klatre i et tre – for så viktig var det for han å få møte Jesus.

Jesus kjente Sakkeus, han visste alt om ham, hva han hadde gjort og hvordan han hadde det. Han forstod smerten og samvittigheten Sakkeus bar på. Jesus ville gjeste hans hus. Resten er en glad sak, der Sakkeus fikk gjort opp for seg og gav tilbake, mer enn det loven krevde. Det skjedde noe i møte med Jesus, han ble tilgitt og vist nåde i stedet for krav.

Dette er en fin oppmuntring å ta med seg. Jesus kjenner deg og meg. Han vet alt om våre liv og vet hvordan vi har det i våre hjerter. Han ønsker å besøke oss, og er ikke opptatt av at vi skal ha livet på stell for at han



skal kunne gjeste oss. Han kan møte oss der vi er i dag, gi oss av sin fred og sette oss fri fra det som binder våre liv. Det skjer noe med den enkelte som får møte Jesus.

Jesus er glad i alle mennesker. Han har nød for den enkelte, og trenger deg og meg for å kunne dele de gode nyhetene videre. Jeg håper at vi kan samles på kryss og tvers av alt det gode og utfordrende som skjer i misjonsarbeidet i kretsen. Det er godt å være i lag, vi trenger hverandre og fellesskapet i årsmøte. Sammen løfter vi for det framtidige arbeidet i Guds rike.

Varmt velkommen skal du være!



Indremisjonsforbundet i Rogaland
Mjøhusvegen 70, 4364 Sirevåg
Tlf. 51 79 38 80
Nettside: imfrogaland.no
E-post: rogaland@imf.no

Direktenummer:
Anne Berit Aarsland 977 67 073
Terje Slettebø 51 79 38 80
Anne Birgitte Auestad 920 90 232
Gina Ueland 478 70 409

Kretsleiar
Reidar Røyland
Tlf 480 23 433

Kretsstyreleder
Kari Helen Garheim
Tlf 975 74 550

Bankgironr.
8220.02.80101
vpps # 21841

SISTE INDRE
Organ for ImF-Rogaland
Tilslutta Indremisjonsforbundet
Kjem ut 4 gonger årleg
Kontingent kr 250,-
Redaktør: Terje Slettebø
Sats: Tubb
Trykk: Lura Trykkeri

OGNATUN
Mjøhusvegen70
4364 SIREVÅG
Tlf. 51 79 38 88

Direktenummer
51 79 38 88
Heimeside: ognatun.no
Epost: ognatun@imf.no

Avdelingsleiar:
Elisabeth Kalvenes
Tlf. 51 79 38 88

Årsmelding ImF Rogaland 2024

2024 blei eit år der ImF Rogland starta fornying og endring på ulike måtar. Årsmøtet vedtok å gå for nettverksbygging som struktur for arbeidet framover, og ein fekk to skifte i krinsleiarstillinga. Men fortsatt blir mykje misjonsarbeid innan forkynning, leirar og samtale drive i stabile former.

ImF sentralt har arbeidd i fleire år med å fornya strukturen på landsplan. Generalforsamlinga i 2019 gjorde vedtak om at alle krinsane saman skulle finna ein felles veg framover. Men krinsane er veldig ulike, og det viste seg vanskeleg at alle gjekk i takt. Derfor gjekk ImF vekk frå at ein skulle finna felles struktur, og kvar krins vil sjølv bestemma kva modell ein vil gå for vidare.

ImF Rogaland er ein av krinsane som er kome lengst i å etablere forsamlingar. Av dei 20 stadene der ImF Rogland i vaksenarbeidet har innmelde lag, foreiningar eller forsamlingar, har 13 etablert forsamling. Derfor vedtok årsmøte i april forslaget om nettverksbygging mellom forsamlingar/foreiningar som prosessgruppa for ImF Rogaland la fram.

Nettverksbygging inneber at ein etablerer fleire nettverk for ulike tenestefelt. Samtale og sjelesorg har allereie eit nettverk drive av Anne Berit Aarsland på krinskontoret, som fleire forsamlingar er innmelde i. I tillegg har me også forkynnarressursar som eit nettverk, der forsamlingar nyttar seg av tilsette og fritidsforkynnarar som krinsen disponerer. Krinskontoret leier dette, og ein kan utvikla dette nettverket vidare med samlingar for forkynnarar og samlingar med tema knytta til forkynning.

Bønnearbeid, smågrupper, diakoni, åndeleg leiarskap og forsamlingsutvikling er dei andre tenestefelta me ser for oss å starta fyrst. Her vil me finna nettverksleiarar blant tilsette eller frivillige på desse felta, og spørja forsamlingar eller foreiningar og lag om å melda seg inn. Tanken er at personar som er leiande på desse ulike felta, skal delta i nettverket for tenesta si.

Krinsleiar Reidar Røyland har i 2024 besøkt styra på dei fleste stadene og orientert om dette. I løpet av våren 2025 vil det gå ut invitasjon til forsamlingar og foreiningar om å bli med i det som passar for deira arbeid. Krinsleiar har også hatt møte med



NLM sitt regionskontor, slik at forsamlingar som er tilknytta både begge organisasjonar ikkje må delta i heilt like nettverk i to ulike organisasjonar. Nettverka me etablerer vil ha ulik profil og vera aktuelle å delta i for ulike personar i forsamlingane.

Ognatun er sentrum for mykje av det arbeidet ImF Rogland driv. I 2024 var det ti leirar for barn, to weekendar for kvinner, ein Gladsang-leir for seniorar, og to retreatar. Desse arrangementa samle til saman over 650 deltakar.

I tillegg hadde krinsen i august Fleirkulturell leir saman med KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid) Rogaland, med fullt hus. 29. desember arrangerte me Julefeiring på Ognatun med god hjelp frå ei eiga arbeidsgruppe av frivillige.

ImF Ung sitt arbeid blant barn og unge, og Samtaletilbodet med retreatar, samt Fleirkulturell leir og Julefeiringa, har eigne årsmeldingar som er vedlagt ImF Rogland si årsmelding og blir sendt ut på e-post, eller ein kan få desse utdelt på sjølve årsmøtet.

I desember arrangerte krinsen Julemarknad med servering av middag, lotteri og sal av enkle hobbyting. Inntektene frå dette blei noko lågare enn før, og ein ser også at økonomien til krinsen generelt treng eit løft.

Ut frå økonomiske og praktiske omsyn, blei krinsleiarstillinga redusert til 50 % i siste perioden Torgeir Lauvås var i stillinga, fram

til og med april 2024. ImF Rogland takkar Torgeir for ei lang og rik teneste, der han har leia misjonsarbeidet i ei tid med mykje omstilling.

Terje Slettebø var konstituert krinsleiar frå mai og ut juli 2024, kombinert med arbeidet som administrasjonsleiar. Reidar Røyland gjekk inn i 50 % stilling som krinsleiar frå august, og vil ha denne stillinga fram til august 2025. Frå september 2025 overtek Johan Halsne som krinsleiar, og me er takknemlige for at denne overgangsfasen har landa godt.

Dei ulike krinsleiarane, fritidsforkynnarar og andre, har i 2024 delteke på i alt 144 møte med forkynning. Mange forsamlingar og foreiningar blir meir sjølvdrivne med strukturar som liknar frikyrkjer, og dei ordnar mykje av forkynninga utan at krinsen organiserer dette. Likevel er det behov for eit krinskontor som rekrutterer nye forkynnarar og gjer dei tilgjengelege for forsamlingane.

Misjon skjer lokalt, og ImF Rogaland ynskjer å støtta og hjelpe lokalt. Så er det visse arrangement og arbeidssektorar det ikkje er så lett å kunna driva i ein og ein forsamling, og her ynskjer krinsen å vera ein arrangør og organisator. Det har vore oppmuntrande dette året å besøka alle dei flotte forsamlingane som er med i ImF Rogaland, og å sjå barn, ungdom og vaksne som får møta Jesus gjennom forkynning og samtale rundt omkring og på Ognatun.

FORKYNNESE PÅ 144 MØTER FOR VOKSNE I IMF ROGALAND 2024

(2023: 153 2022: 147 2021: 126 2020: 118 2019: 201)

Innleide forkynnere; 17

2023: 6
 2022: 7
 2021: 3
 2020: 4

**Ansatte i ImF
Rogaland; 33**


2023: 49
 2022: 47
 2021: 29
 2020: 25

**Fritidsforkynnere;
59**


2023: 61
 2022: 57
 2021: 50
 2020: 44

**Forkynnere fra
ImF; 35**

2023: 37
 2022: 36
 2021: 44
 2020: 45



imf Rogaland



imf Rogaland


ImF Rogalands arrangement på Ognatun

Weekender og andre arrangement for voksne


KVINNE-WEEKENDER	MANNS-WEEKENDER	SENIORLEIR/GLADSANG	RETREAT
2018 2 weekender 103 deltakere	2018 1 weekend 29 deltakere	2018 1 leir 37 deltakere	
2019 2 weekender 135 deltakere	2019 1 weekend 29 deltakere	2019 1 leir 25 deltakere	
2020 2 weekender 116 deltakere	2020 1 weekend 23 deltakere	2020 AVLYST	
2021 1 weekend 53 deltakere	2021 AVLYST	2021 1 leir 24 deltakere	2021 2 samlinger 40 deltakere
2022 2 weekender 85 deltakere	2022 AVLYST	2022 1 leir 34 deltakere	2022 1 samling 9 deltakere
2023 2 weekender 155 deltakere	2023 Ingen	2023 1 leir 35 deltakere	2023 2 samlinger 30 deltakere
2024 2 weekender 119 deltakere	2024 Ingen	2024 1 leir 28 deltakere	2024 2 samlinger 28 deltakere




Antall faste givere
Til ImF Rogaland




Gjennomsnittlig gavebeløp
Faste givere ImF Rogaland



Du finner oss
på internett
imfrogaland.no



OGNATUN Ved til sals:



**Sekker med bjørkeved,
60 L, kr 110, pr stk**

**Pallar med granved,
kr 1400 pr stk**

**Kontakt Magne Skårland
tlf. 915 73 157**

VELKOMMEN TIL SOMMERLEIR PÅ OGNATUN!

Sommerleir 1 - 2.-4. klasse - 23.-25. mai

Påmelding åpner 21. april kl. 17.00

Sommerleir 2 - 5.-7. klasse - 13.-15. juni

Påmelding åpner 12. mai kl. 17.00

Påmelding og mer informasjon finner du på www.imfrogaland.no

20 år
2005-2025

Imf Rogaland & lokal komité inviterer til

SANG OG MUSIKKHELG

Furutangen 6. - 8. juni

Fredag	20.00	Sangmøte	
Lørdag	10.00	Bibelsamling	15.00 Bryggebasar m/grilling
	19.00	Sangmøte	21.30 Konsert
Søndag	10.30	Sangmøte	

Salg av grillmat og drikke etter møtene.
Det er gode forføyningsplasser
for båter. Kollekt på møtene til
Imf Rogaland.

Flere sangere kommer!



Halvard Angelsen



Johanne Angelsen



Sarah og David Einarson



RØ-TRØ Band



Taleri Wenche Lund



imf Rogaland

Bestilling av rom/måltid og parkering for bobil: tlf 911 35 815 / terje.tobiassen@nms.no

Retreat Ognatun 2025



4.-7. september
Retreatleder:
Anne Berit Aarsland

2.-5. oktober
Temaretreat:
"Hjertefokus"
med Tom Norum

Påmelding: Imfrogaland.no

Når kall, behov og ressursar møtest i eit nettverk

Anne Berit Aarsland bar i fleire år på eit kall til å driva sjelesorg og samtale ein til ein. Ho hadde i lang tid jobba som leiar i ImF Ung Rogaland, men kjende at Guds leiing peika ein annan veg. Nå har ho sidan 2023 leia Samtaletilbodet i ImF Rogaland, og har slik vore den fyrste til å etablere eit nettverk i krinsen.

► Av Reidar Røyland

Anne Berit, korleis begynte vegen mot å etablere Samtaletilbodet i ImF Rogaland for din del?

For meg begynte det med at mentoren min spurte kva draumen min var. Skulle eg byta jobb og begynna med noko heilt anna? Der og då visste eg ikkje kva draumen var. Men eg brann for at folk skulle kunne gå til samtale ein til ein og begynte derfor på sjelesorgstudium i 2019. Eg hadde då også personalansvar i ImF Ung og likte veldig godt det å vegleia og hjelpe den enkelte tilsette. Ei ung kvinne eg sjølv var mentor for, hadde

store tankar då eg spurte kva ho drømde om. Det var tankar der ho var heilt avhengig av Gud for at dei skulle bli til noko. Dette inspirerte meg.

Eg tok eit innføringskurs hjå Kirkens SOS om sjelesorg og deltok i samtalar der. I tillegg tok eg kontakt med NLM og IMI i Stavanger for å høyra korleis dei dreiv sjelesorgtilbodet sitt.

I 2019 hadde ImF Ung allereie starta «Rogaland kristne mentor-nettverk». Me var nokre tilsette som på ein kvinne-weekend hadde høyrte fleire uttrykke eit ynskje om å ha nokon å snakka med over tid. Dei visste ikkje kor dei skulle gå for å få hjelp. Så ImF Ung laga ein video om både det å vera mentor og mentee (den som får ein mentor). Og slik kom det fyrste nettverket i gang.

Når starta det fulle Samtaletilbodet?

1. februar 2023 starta me det som me då kalle «Drøsetilbodet». Då hadde både kretsleiar Torgeir og kretsstyret sett behovet for å starta eit sjelesorgtilbod. Eg hadde sagt opp stillinga mi som leiar i ImF Ung og fått stilling som ansvarleg for sjelesorg, mentoring og retreat i kretsen.

Det var to personar som var klar til å gå inn i ressursgruppa som støtte og hjelp i sjeleorg, og gruppa Damer i byen hadde spurt meg



Anne Berit Aarsland.



om å organisera nokon som kunne ta imot og vegleia nyfrelste gjennom deira arbeid.

Gud sende også andre personar som både kunne vera med og bidra i både sjelesorg og retreat. Spesielt Sentrum Menighet på Varhaug var tidleg inne i prosessen. Torgeir hadde gjennomført nådegåvatest der, og dei som fekk sjelesorg som si nådegåve, trengde ei ramme å tena i.

Sentrum spurte om ImF Rogaland kunne ha oppfylgning av sjelesørgjarane, sidan dei ville stå i ein større samanheng. Dei hadde også personar som me kunne visa vidare til når ein i sjelesorg trengde meir oppfylgning av fagpersonar.

Kvifor er Samtaletilbodet blitt eit nettverk?

For forsamlingar som blir med i nettverket, er det viktig at ein kan tilby samtale med sjelesørgjarar og mentorar som ikkje bur i nærområdet. Mange som søker samtale seier at dei treng å snakka med nokon dei ikkje kjenner eller treffer ofte.

I tillegg er det avgjerande at ein har ei gruppe av ressurspersonar som kan bidra til nettverket som vegleiarar for sjelesørgjarane og mentorane. Då treng ein at fleire forsamlingar står saman for å få tak i folk med kompetanse.

Kva må til for å vera ein sjelesørgjar eller ein mentor i nettverket til ImF Rogaland?

Når det gjeld mentor-rolla, er tanken at ein skal ha åndelege mødre og fedre som kan fylgja eit menneske over lengre tid. Når nokre tek kontakt fordi dei ynskjer ein mentor, spør eg for eksempel kva livserfaring dei ynskjer ein mentor skal ha. Det er i tillegg viktig å vita kor langt dei er villige til å køyra



Mentoring er å ha ein åndeleg "far" eller "mor" som fyljer eit menneske over tid.

for å møte ein mentor. Så ber eg over saken og kontaktar personar med trus- og livserfaring som gjer at dei har potensiale til å vera mentor for vedkomande.

Dei som er i sjelesørgjargruppa vår må ha fagleg- eller erfaringskompetanse. Så må dei ha ein sjelesørgjar sjølv, og i tillegg fylgjer ressursteamet opp med gruppevegleiing. Sidan sjelesørgjarane også står i vanlege jobbar, har dei berre ein konfident om gongen. Dei har mellom fire til ti samtalar med konfidenten i løpet av eit år eller kortare tid.

Til slutt, korleis oppstod Retreat-tilbodet, der folk kan koma på Ognatun?

Då me i staben til ImF Rogaland sette oss ned

for å sjå for oss kva Ognatun kunne brukast til, kom fleire opp med retreat. Mange av oss såg på dette som eit åndeleg behov som også passa godt for ein leirstad. Andre i ImF har også teke til orde for at me må tilby dette. Ungdom i oppdrag tok også kontakt, og i dag har me ein retreat i året for deira Hjertefokus, i tillegg til våre egne to.

Respsen er veldig god hjå dei som deltek på retreat, og me ser me får hjelpt mange gjennom dette og samtaletilbodet. Så ta kontakt dersom du som les dette treng nokon å snakka med eller ein stad for stilletid med Gud.

Ledermangel!



ImF-Rogaland måtte avlyse leir på Ognatun p.g.a for få frivillige leiarar!

Kan du gje ei helg av di fritid slik at vi kan oppretthalda leirtilbodet på Ognatun?

Kontakt oss på tlf. 51 79 38 80, eller mail: rogaland@imf.no

Johan Halsne ny kretsleiar

Ein nær relasjon til misjonsfolket er viktig for meg



Dette seier Johan Halsne i samband med at han 01. september overtar som kretsleiar i ImF-Rogaland. Då tek han med seg litt over 10 års erfaring frå tilsvarende stilling i ImF-Sunnmøre.

► Av Terje Slettebø

Kva erfaringar kan du ta med deg frå tida på Sunnmøre?

-Desse to kretsane er veldig forskjellige, ImF Sunnmøre består av 13 einingar, og kretsleiar blir som ein konsernleder for alle desse. I Rogaland har vi kretsen og Ognatun, så eg kjem til å ta med meg erfaringar frå relasjonsbygging og forkynning. Eg vil byggja vidare på gode erfaringar ved å skape møteplassar for misjonsfolket med ulike arrangement både innan song og musikk og bibelundervisning. Relasjonen til misjonsfolket er viktig for meg, så eg ynskjer å vera mykje ute rundt i kretsen, seier Johan, og legg til; -Der misjonsarbeidet står svakt må vi prøva å byggja det opp. Vår nye kretsleiar har fått med seg at ImF-Rogaland satsar på nettverksmodellen og ser at denne modellen har gode intensjonar, men er spent på korleis den vil fungera i praksis! Dei ulike sektorar må spela kvarandre gode og kretsen vil måtta vera til hjelp for å få prosessen i gang, tenkjer Johan, og understrekar også ei anna viktig side ved nettverksmodellen; -Den må syast saman med aktiviteten

som allereie er i forsamlingane. Dei fleste har ein krevjande kvardag i forsamlingsarbeidet, så tilknytning til nettverk må gje den lokale forsamling eit løft og ikkje ekstra arbeid.

Kva ser du på som dei største utfordringane for bedehusarbeidet framover, Johan?

-På den eine sida så vil frivillig arbeid vera krevjande. I vår tid er det utfordrande både i barnarbeid og vaksenarbeid å få frivillige til å ta oppgåver. Men på den andre sida lever vi i ei digital verd, og det vil difor opplevast meningsfylt og positivt for mange å bidra og kjenna på fellesskap, seier Johan Halsne og legg til; -Tida vi lever i nå gjev oss også ein unik moglegheit til å byggja fellesskap der heile familiar kan få samlast, få lytta til ein bodskap som ikkje er krav, men evangeliet at alt er gjort. I ei uroleg verd kan vi få gje folk eit fundament å stå på, understrekar han. Etter at det vart kjent at Aud og Johan flyttar sørover, har dei fått mykje respons både frå folk på Sunnmøre og folk i Rogaland. Dei ser fram til å koma tilbake til Rogaland, der dei har sine røter, og mange nettverk og relasjonar.

På den andre sida legg han ikkje skjul på at det har vore ein sorgprosess å skulla reise frå Sunnmøre. Dei vart overveldande tatt imot då dei kom til Sunnmøre og fått sterke relasjonar og livslange vennskap. Dei opplever det fint å ha fått så pass lang tid til å landa flytteprosessen på ein god måte.

BØNNE- OG TAKKEEMNE

Be for:

- Årsmøte
- Gladsang og song og musikkhelg på Furutangen
- Leirane på Ognatun
- Tilsette i kretsen og Ognatun
- Økonomien

Takke for:

- Ny kretsleiar
- Mentorer og sjelesørgere
- Dugnadsfolket
- Alle frivillige leirleiarar
- Dugnadsfolka på Ognatun

Du kan sende inn bønneemner til kretskontoret, så tek vi det med på bønesamlingar som vi har.

Send sms til 459 55 969 eller på e-post: rogaland@imf.no

**Kringsjå
Invistering AS**

**Astor Industri
Eiendom AS**

SAMTALETILBUDET
MENTORING & SJELESORG

MENTORING
SAMMEN MED EN ÅNDELIG
MOR/FAR BLIR DU STØTTET OG
UTFORDRET I DITT LIV
SAMMEN MED JESUS.

SJELESORG
SAMMEN MED EN KRISTEN
SJELESØRGER FÅR DU REFLEKTE
OVER DITT LIV, DIN TRO, DINE
HÅP OG LENGSLER. DU FÅR
BEARBEIDTE TANKER, FØLELSER OG
ERFARINGER.

Booking og mer informasjon:
www.imfrogaland.no/samtaletilbudet

imf Rogaland

GLADSANG-DAGER

2.-5. JUNI PÅ OGNATUN

SANG, FORKYNNELSE OG GODT FELLESSKAP ENTEN DU VIL BO PÅ OGNATUN, ELLER BARE KOMME OG BLI MED PÅ MØTER, MÅLTIDER OG SAMLINGER.



I ÅR HAR VI MED OSS MARIT STOKKEN BERLAND OG JARLE BERLAND, SAMAN MED LOKALE SANGKREGER PÅ KVELDSMØTA

PROGRAMMET VIL BLI LAGT UT PÅ IMFROGALAND.NO
RING 51 79 38 80
FOR PÅMELDING OG INFO.

 **imf** Rogaland

VIGRESTAD BYGG



WWW.VIGRESTADBYGG.NO

Tlf: 958 19 505


NorProfil AS

 **STEELWORK**

Grude Gartneri
Brekkeveien 18
4353 Klepp Stasjon

bryne rør

Pål Hatteland AS
Entreprenør
Mob 99278710


BRYNE REGNSKAP

Tlf 975 25 110
Post@bryne-regnskap.no
www.bryne-regnskap.no

Le Service A S
Leplanting
Hageanlegg
Kompoststrø
4362 Vigrestad
Tlf.: 51 43 75 89 - Fax 51 43 66 53
Mobil: Erik: 982 46 915 - Einar: 982 46 916

 **din trafikkskole**
Tlf.: 464 22 022

Bokføring - lønn - årsoppgjør
stiftelser- økonomisk rådgivning

ROTT REGNSKAP OG RÅDGIVNING, TLF. 51 81 81 50 - WWW.ROTTREGNSKAP.NO

ROTT

ABORØR


WALDELAND MASKIN

- Grusarbeid
- Transport
- Graving
- Grottpakk
- Landdyrsk
- Traktor
- Pressing av rundbøtter
- Vintervedtøhold
- Bøyting og streng





Tlf: 90 79 61 44

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 69, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no


• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

Odd Narve Grude
Næringsbygg
Tlf.: 90 13 95 19
51 42 37 99



Returadresse: ImF Rogaland, Mjølhusvegen 70, 4364 Sirevåg

2025

LYNGDAL BIBELCAMP



U 27

30. juni-6. juli

LEIRSJEF: Lærer, Solveig Hosøy.

BIBELTIMER: Bibelskolerektor, Andreas Evensen.

KVELDSMØTER: Radiopastor i P7, Ingvald A Kårbø.

LOVSANG: VBF Lovsang (Vea Bedehusforsamling)

FREDAG 21.30: «Sammen i sangen» ved VBF Lovsang.

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: Jorunn Singstad Djupvik, fra Awana.



U 28

7.-13. juli

LEIRSJEF: Markeds- og arrangementsansvarlig i ImF, Kenneth Foss.

BIBELTIMER: Bibelskolelærer, Ole Magnus Breivold.

KVELDSMØTER: Svein Granerud, Normisjon mandag til onsdag. Sangevangelistene Marit og Irene torsdag til søndag.

LOVSANG: Familien Lønesløkken.

FREDAG 21.30: «Star og hope» konsert.

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: Jarle Waldemar



U 29

14.-20. juli

LEIRSJEF: Lærer, Solveig Hosøy.

BIBELTIMER OG KVELDSMØTER: Pastor Torgeir Lauvås mandag til torsdag. ImF- Leder Runar Landro torsdag til søndag.

LOVSANG: Familiene Sangolt og Voldsund.

FREDAG 21.30: «Sammen i sangen».

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: Rebecca Waldemar



U 30

21.-27. juli

LEIRSJEF: Kretsleder Ragnar Ringvoll.

BIBELTIMER: Kretsleder Johan Halsne.

KVELDSMØTER: Forsamlingsarbeider Aud Karin K Ringvoll.

LOVSANG: Sarah og David Åstrøm sammen med RETT KURS.

FREDAG 21.30: Konsert med Åstrøm og RETT KURS.

FAMILIESAMLING TORSDAG 16.00: FUNDAY i regi av Kidzcamp. Aktiviteter og konkurranser for små og store.



**Egen
Kidscamp og
Ungdomscamp
alle uker**

Booking av rom og leiligheter åpnet 7 februar, mens booking på campingplassen åpner 28 februar.

Booking skjer på kvs-camping.no eller tlf 38 33 06 00.

Hver uke er det seminar, cafe, quiz, turer, basar/misjonsløp, storsamling og grilling.

FOR MER INFO OM PROGRAM SJEKK BIBELCAMPEN.NO

